

Notat

Organisering av eksternt finansiert forskning ved Høgskulen i Volda

Samansetjing av gruppa

Høgskulen i Volda har oppretta ei arbeidsgruppe (i notatet også omtalt som 'gruppa') som skal sjå på framtidig organisering av den eksternt finansierte forskinga ved institusjonen (jf. brev frå leiinga ved HVO dagsett 03.03.2017 – Referanse 14/01271-12).

Gruppa har følgjande samansetning: Finn Ove Båtevik (leiar), Randi Bergem, Lars Julius Halvorsen, Helga Synnevåg Løvoll, Siv M. Gamlem, Solveig Sunde og Ola Teige.

Tolking av mandatet

Høgskulen i Volda har behov å utvikle organisasjonen slik at høgskulen er betre i stad til å hente inn og gjennomføre eksternt finansierte forsking- og utviklingsprosjekt. Gruppa skal vurdere behov for endringar i organiseringa av arbeid med eksternt finansiert FoU, med sikte på å auke denne aktiviteten. I mandatet blir det referert til bidrags- og oppdragsforskning. Både bidrag og oppdrag er kjelder til ekstern finansiering. Oppdrag er nærare avgrensa prosjekt som vert utførte for ein oppdragsgjevar, som departement, direktorat, fylkeskommunar, kommunar, KS osv. Bidrag er tilskot til eigeninitierte prosjekt, der ein kan søke om finansiering frå t.d. NFR, UH-nett Vest, Regionale forskingsfond, Helse Midt-Norge RHF, FoU-midlar frå NAV, RAM og Fritt ord. Det er også mogleg å søke om bidrag frå statlege aktørar, fylkeskommunar og kommunar.

Utvikling av den eksternt finansierte forskinga handlar om å gjere fleire i organisasjonen engasjerte i arbeidet med å hente inn og gjennomføre eksternt finansierte FoU-prosjekt, og å sikre at ein har støttefunksjonar som fungerer gjennom heile prosessen fram til gjennomført oppdrag.

Gruppa disponerer korkje tid eller ressursar til gjere ei grundig vurdering av dagens organisering av eksternt finansiert forskning ved Høgskulen i Volda. Slik gruppa vurderer det, er det særleg eitt spørsmål som er viktig i arbeidet til gruppa. Det er spørsmålet om korleis ein kan legge til rette for at fleire av dei faglege tilsette ved høgskulen blir involverte i eksternt finansierte forskings- og utviklingsarbeid.

Bakgrunn for arbeidet

Det er fleire grunnar til å auke den eksternt finansierte forskinga ved Høgskulen i Volda. Det vil kunne gi betre grunnlag for forskingsbasert undervisning og medverke til auka publisering. Det aukar inntektene til høgskulen, både direkte og indirekte. Samtidig forventar Kunnskapsdepartementet at høgskular og universitet aukar dei eksterne inntektene, inkludert eksternt finansierte FoU-aktivitet.

Målgruppe

Arbeidsgruppa legg såleis til grunn at det er potensial for å auke eksternt finansierte forskning ved HVO ved at tilsette, som har lita eller inga erfaring med det, i større grad blir involverte i og bidreg til

utvikling av slik forskning, og ved at fleire av dei erfarne forskarane held fram med slik aktivitet og rekrutterer ferske forskarar inn i prosjekta sine.

På grunnlag av den kjennskapen arbeidsgruppa har til situasjonen på avdelingane, synest det å vere fleire fagtilsette som er motiverte for å kome i gang med forskning. Dette er fagfolk som har kompetanse, faglege nettverk og/eller god kontakt med praksisfeltet, noko som er viktige ressursar med tanke på å skaffe ekstern finansiering. Utfordringane er, slik gruppa vurderer det, m.a. manglande kunnskap om:

- Kva bidrag- og oppdragsforskning kan vere?
- Korleis slike prosjekt kan nyttast i undervisning og publisering?
- Kva som skal til for å kome i gang?
- Kven som kan gi støtte til å kome i gang?
- Korleis prosjekt kan gjennomførast?

Målgruppa er først og fremst fagtilsette ved høgskulen som er motiverte, men som treng ulike former for støtte for å kome i gang og å gjennomføre prosjekt. Det handlar om å bygge forskar- og prosjektkompetanse og etablere nettverk og prosjektportefølje, som i neste omgang styrkar føresetnadane både for den enkelte og høgskulen til å utvikle større eksternt finansierte prosjekt, av typen NFR- og EU-prosjekt.

Type aktivitet

Det er ulike måtar å skaffe eksternt finansierte forskingsprosjekt på. Fagtilsette kan koplast til prosjekt som er utvikla av andre, og/eller fagtilsette kan delta i utviklinga av prosjekta, på eige hand eller i samarbeid med andre som har lengre erfaring med eksternt finansierte forskning.

Organisering i forskingsgrupper og ordningar som gir administrativ støtte i søknads- og rapporteringsarbeid, er viktige verkemiddel i arbeidet med å skaffe prosjekt. Gruppa vil særleg sjå på føresetnadene for at høgskulen kan utvide aktiviteten med tanke på mindre og mellomstore prosjekt, som kan vere bidragsfinansierte eller oppdragsfinansierte.

Bidragsprosjekt: Politiske signal om tettare samarbeid mellom forskings- og utdanningsinstitusjonar og praksisfelt peikar i retning av at det er eit område der det er ønske om større aktivitet, som det vil bli gitt bidrag til. I tillegg til større forskingsprosjekt i regi av NFR og EU, er det mogeleg å utvikle bidragsprosjekt av mindre omfang. Det er fleire fordelar med den typen prosjekt. Dei er godt eigna og relevante for tilsette som arbeider i profesjonsretta utdanningar og som dermed er tett på praksisfeltet. Arbeidet med å utvikle slike søknader er langt mindre enn til dømes ved NFR-søknader, og sjansane for tilslag er klart større. Tidsrammene for prosjekta kan vere relativt romslege, noko som gjer det enklare å tilpasse prosjekta til arbeidsplanane. Prosjekta kan vidare vere forprosjekt, som kan vere springbrett til større prosjekt. Eksternt finansierte bidrag til forprosjekt har som oftast større økonomiske rammer enn det høgskulen tilbyr i arbeidet med å utvikle større søknader, a la såkornmidlar. Gjennom å utvikle prosjektet i samarbeid med praksisfeltet, kan ein sikre den faglege og den forskingsmessige innretninga og kvaliteten på prosjektet.

Oppdragsprosjekt: Oppdragsprosjekt gir ikkje same fleksibiliteten i utforminga av prosjektet som tilfellet er for bidragsprosjekt. I oppdragsprosjekt vil oppdragsgivar legge føringar på problemstillingar, tidsplan og økonomi. Dessutan er konkurransen om dei største og mest attraktive prosjekta stor og tilbudsprosessane er ressurskrevjande. Oppdragsprosjekt kan likevel ha eit omfang og ei tematisk innretning som kan vere svært interessant, samtidig som dei kan legge grunnlag for

nye prosjekt, vitenskapleg publisering og anna aktivitet som kjem i tillegg til gjennomføringa av sjølv prosjektet.

Nokre oppdragsprosjekt er baserte på direkte førespurnader. Men på grunn av innkjøpsordningane i offentlig sektor, er omfanget av slike førespurnader relativt avgrensa for fleire av fagmiljøa ved Høgskulen i Volda. Men det finst små oppdrag frå offentlig sektor som kan vere basert på slike førespurnader. Ikkje-offentlege aktørar slik som føretak, frivillige organisasjonar og interesseorganisasjonar, t.d. KS, kan fritt tildele oppdrag utan konkurranse. Det kan vere at oppdragsgivar tek direkte kontakt med konkrete fagpersonar/fagmiljø, eller det kan vere at oppdragsgivarar leitar etter miljø og fagfolk som kan gjennomføre eit prosjekt.

Korleis legge til rette for eksternt finansiert forskning?

Gruppa trur at det er mogleg å auke den eksternt finansierte forskinga ved HVO gjennom relativt enkle tiltak. Tiltaka kan gi resultat allereie på kort sikt og dei kan gjennomførast innanfor dagens organisering. Målgruppa for tiltaka er fagtilsette som treng støtte og rettleiing, både for å kome i gang med og for å gjennomføre prosjekt. Mange tilsette har den faglege kompetansen, men dei treng støtte for å ta i bruk denne kompetansen til konkrete forskingsprosjekt. Vi meiner at det er to tiltak som bør prioriterast for å styrke kompetansen på gjennomføring av forskingsprosjekt:

1. Å auke kunnskapen om kva bidrags- og oppdragsforskning er, og å auke forståinga for korleis ein kan kome i gang med slik aktivitet. Det må synleggjerast at slik aktivitet gir grunnlag for fagleg utvikling, at det styrker undervisninga og gir grunnlag for publisering, og ikkje minst at det bidreg til utvikling av forskings- og prosjektleiarkompetanse.
2. Å etablere og vidareutvikle ordningar som gir fagleg støtte til dei som treng hjelp for å kome i gang med eksternt finansiert FoU-prosjekt. Gruppa meiner det er viktig at denne støtta blir organisert som ein opplærings- og rettleiingsfunksjon som kan fungere gjennom heile prosessen, dvs. frå utvikling av ideen, gjennom søkefasen og i gjennomføringsfasen.

Å auke kunnskapen om og forståing av bidrags- og oppdragsforskning. Erfaringane frå dei ulike avdelingane er at det jamt over er lite kunnskap om kva bidrags- og oppdragsforskning er. Samtidig er det ofte uvisse knytt til korleis ein skal kome i gang med slik aktivitet. Per i dag handlar informasjonen om eksternt finansiert forskning i stor grad om vidareformidling av konkrete utlysingar, som kan vere relevante for fagmiljøa å søkje på. Det bør til dømes etablerast ein ressursbank som kan innehalde oversikt over moglege finansieringskjelder, ressurspersonar, døme på søknader, budsjettoppsett osv. Det er viktig at informasjonen er tilgjengeleg på ulike nivå i organisasjonen. I tillegg er det viktig at slik informasjon blir formidla på avdelingane og i institutta, til dømes i medarbeidarsamtalar. Gruppa vil utfordre *Kontor for samfunnskontakt*, i samråd med fagleg leiing og dei som har ansvar for ekstern verksemd på avdelingane, å legge til rette for den praktiske delen av dette informasjonsarbeidet. Nettsidene ved HVO vil sjølv sagt også vere viktige i informasjonsarbeidet.

For å involvere fleire tilsette i eksternt finansiert forskning, må nokre tilsette i fagstillingar få ansvar for å følgje opp og gi rettleiing. Ei slik ordning må kome i tillegg til forskingsgruppene og dei ordningane som allereie eksisterer for kollegaretleiing.

Opplæring- og rettleiingsfunksjonen. Gruppa tilrår at det blir etablert ei ordning der fagtilsette har ein opplærings- og rettleiingsfunksjon for kollegaer som ønskjer å utvikle prosjekt, som skal finansierast av bidrag eller oppdrag. I tillegg til å gi støtte og rettleiing, skal rettleiarane gi opplæring. Støtta kan avgrense seg til rettleiing og opplæring i søknadsskriving. Men i somme tilfelle det kan vere nødvendig å gi liknande støtte og opplæring gjennom heile prosjektprosessen. På den måten får

ein overført kompetanse i prosjektgjennomføring og prosjektleiing frå erfarne forskarar til mindre erfarne. Det er naudsynt å presisere at det er snakk om ein rettleiingsfunksjon, fordi den/dei som tek initiativ til prosjektet må ha eit aktivt eigarskap til prosjektet gjennom heile prosessen, og ikkje overlate ansvaret til rettleiaren.

Gruppa meiner det er avgjerande at opplærings- og rettleiarfunksjonen blir definert som ein del av stillinga til dei som skal ha den rolla, og at det er minimum éin person med slik funksjon ved kvar avdeling. Denne funksjonen bør vere knytt til bestemte personar med erfaring i bidrags- og oppdragsforskning. Behova for slik støtte kan sjølvstøtt variere mellom avdelingar og over tid.

Dei fagpersonane som går inn i opplærings- og rettleiarfunksjon ved bør samarbeide og fungere som eit nettverk på tvers av avdelingar/institutt. Det må leggjast til rette for utveksling av erfaringar, kompetanse osv. på tvers av avdelingane.

Opplæring- og rettleiingstilbodet er først og fremst tenkt for forskarar med lita eller inga tidlegare erfaring med bidrags- og oppdragsforskning. Ordninga dekkjer i utgangspunktet ikkje alle behova for støtte som trengst ved utvikling av større EU-prosjekt og NFR-prosjekt. Difor kan det vere nødvendig å vurdere behova for særskilte tiltak når det gjeld slike prosjekt. Gruppa vil likevel understreke at ein godt fungerande opplærings- og rettleiingsfunksjon, vil medverke til å bygge kompetanse som vil vere strategisk når større EU- og NFR-prosjekt skal utviklast.

Utvikling av praktiske ordningar. I tillegg til etablering av ei ordning med fagleg opplærings- og rettleiingsfunksjon, er HVO avhengig av det er eit godt støttesystem for praktiske sider ved søknader om og gjennomføring av eksternt finansierte prosjekt. Det kan gjelde: Informasjon om kven ein skal kontakte for praktisk støtte, system for timeprisar knytt til stillingskategoriar, mal for CV-ar, retningslinjer for oppsett av budsjett, osv. Gjennomføring av prosjekt kan også gi behov for å knyte til seg andre fagfolk og assistentar, og det bør vere tenkt igjennom korleis det kan ordnast.

Ressursmessige konsekvensar. Auka eksternt finansierte forskning vil kunne gi meir inntekter til høgskulen. Samtidig vil det å styrke støtte- og rettleiingsfunksjonane gi kostnader. Dette gjeld i alle fall kostnader knytt til rettleiing i søknadsarbeid. Kostnader til støtte- og rettleiing i gjennomføringa av prosjekt kan eventuelt inngå som ein del av dei budsjetterte kostnadane i prosjektet.